



## **STRATEGI**

For 2017 er det Strategisk plan 2015-2018 som legg føringar for arbeidsplanen for året.

## **VELFERDSORDNINGANE**

Grunnlaget for drifta i NLT og medlemslaga er velferdsordningar som fungerer. Arbeidet for best moglege velferdsordningar er ei viktig oppgåve. NLT skal med sin kompetanse og sitt gode omdømme vera det organet som det er naturleg å venda seg til når det gjeld spørsmål om velferdsordningane.

Landbruksmeldinga syner at regjeringa vil fjerne avløysartilskotet ved ferie og fritid. Om dette vert ein realitet vil det få store konsekvensar både for laga, bonden og dyra. Å jobbe for å hindre at tilskotet vert fjerna vil vera ei av hovudoppgåvene i første del av 2017.

Vi vil ha fokus på følgjande punkt inn mot jordbruksforhandlingane i 2017 i prioritert rekkefylgje:

- Vidareføring av tilskotet til ferie og fritid
- Landbruksvikarordninga / beredskap
- Utvikling refusjonsordningane

I tillegg vil ein ha fokus på å vidareføre den gode dialogen med faglaga, både sentralt og på fylkesplan. Velferdsordningane engasjerer på alle nivå. I tillegg må ein heile tida sjå på korleis ein skal få inn våre synspunkt i dei ulike politiske parti på stortinget. Det er viktig å sjå alle velferdsordningane under eitt for å få fungerande velferdsordningar for bonden.

## **ORGANISASJON**

Vi vil fortsette med kontaktmøter med avtalepartane og det politiske miljø både i forbindelse med jordbruksoppgjeret og elles i året. Dette gjeld både på lokalt og nasjonalt plan. Vi vil og sjå på kva fordeler ein kan oppnå ved eit tettare samarbeid med andre organisasjonar. NLT skal vera den naturlege kontakt når det gjeld velferdsordningane i landbruket, og vera ein premissleverandør i saker som gjeld landbruket generelt. NLT skal jobbe for å ha profesjonelle medlemmar som gjev dei same gode tenestene over heile landet og som er rusta til å takle endringar som kjem. Det er og viktig at organisasjonen er representert i lokale samarbeidsråd rundt om i landet.

Dette er prioriterte oppgåver i år:

- Oppfølging i nemnder og utval vi er representerte i.
- Vidare utvikling av prosjekt Webtemp
- Dekkja 80% av leigd arbeidskraft i landbruket
- 100 % av laga skal ha aktiv heimeside
- 85 % av laga skal bruke same namn og profil
- Vårsamling Thon Hotel Oslo Airport, Gardermoen, 23.-24. mai
- Haustsamling Thon Hotel Oslo Airport, Gardermoen 31.-02. okt./nov.
- Vidare oppfølging og heidring av trufaste medarbeidarar i administrasjonen i laga
- Kåring av årets avløyssar
- Kåring av årets lag
- Deltaking på ulike messer



## - A R B E I D S P L A N -

- «Ny som dagleg leiar» kurs
- Få innarbeid administrasjonshandboka i alle lag.
- Alle lag bør ha minst eitt årsverk i administrasjonen
- Alle medlemar med rett på produksjonstilskott skal ha fått tilbod om medlemskap
- Ny strategiplan 2018 – 2021
- Webtempkurs for vidarekomne på vårsamling i tillegg til oppstartkurs på haustsamlinga

### **MEDLEMER**

Innføring av administrasjonshandboka og legge til rette for at flest mogleg tek dette verktøyet i bruk. I tillegg skal ein jobbe for å setje fokus på dei prioriterte oppgåvene som er lagt til organisasjonen for 2017. Det skal arbeidast for at alle bønder vert informert om fordelane ein har med eit aktivt medlemskap i eit NLT-lag.

Det skal arbeidast vidare med å styrke organisasjonen. Dette inkluderer med anna felles namn, logo og heimeside. Det er viktig at vi har ein profesjonell og solid organisasjon i alle ledd, i tillegg til stor oppslutnad. Organisasjonen må vera representert i heile landet, og vi må vera førebudd på å møte auka konkurranse.

### **REKRUTTERING OG ETTERUTDANNING**

NLT sitt utval for rekruttering og etterutdanning av avløyssarar/landbruksvikarar består av Tove Berre – Landbrukstjenester Salten og Romar Skeie Olsen - NLT-administrasjonen.

Hovudfokus til utvalet er å syte for at alle landbruksvikarar i landet skal få tilbod om kurs i 2017.

### **WEBTEMP**

Prosjektet vart starta i 2014. Det har vore jamlege samlingar, og dette arbeidet kjem ein til å fortsetja med også i 2017. Det er sett av ressursar i administrasjonen i NLT for vidareutvikling av dette prosjektet i organisasjonen . Pr. 1.1. 2017 er det 24 lag som har teke i bruk WebTemp. I år vil ein ha Webtempkurs både på vårsamling og haustsamling. Kurset på vårsamlinga er mynta på dei som allereie har teke programmet i bruk, medan kurset på haustsamlinga fortsatt vil vera oppstartkurs for dei som tek det i bruk frå 01.01.2018.

### **PROFILERING**

- Delta på Dyrskulen 8.-10. september.
- Delta på Agrisjå, Stjørdal 25.-27.august.
- Delta på Landbruksmessa i Balsfjord 24.-25. juni.
- Innstikk i Bondebladet i løpet av 2017.
- Bidra til deltaking på messer og stand for medlemslag.
- Faste innlegg i Bondebladet.
- Jamnleg oppdatering på heimeside og facebook